


Tenk, tru og lev!



Kristkyrkja på Stord

David Suchet, alias Hercule Poirot, las Romarbrevet og fann GUD!



David Suchet

David Suchet har i si rolle som Hercule Poirot løyst drapsgåter for oss i mange tiår. Men for Suchet spelar nok den kristne trua ei langt større rolle enn det som er tilfelle for alter-egoet hans. David Suchet fann Gud i 1986, og har etter den tid vore ein overtydd og dedikert kristen. No er han 72 år gamal.

David Suchet sine foreldre var jødiske, og kom frå Lithauen. David hadde heile livet lengta etter noko å tru på, men kunne ikkje finna det han leita etter.

Då han var tenåring på 60-talet, var han litt i berøring med meditasjon, som var så populært blant unge på den tid. Det hadde med Beatles å gjera som på slutten av tiåret introduserte Austens

religionar for dei unge i Vesten. Men Suchet kom heilt bort frå det spirituelle på 70-talet. Då handla det for han berre om å byggja opp skodespelarkarriera.

Men då han var 40 år, i 1986, endra alt seg. Han sat i badekaret på eit hotellrom i Seattle Washington og tenkte på bestefaren på morssida, ein mann som han hadde hatt eit spesielt nært høve til. Bestefaren døydde

då David var 18 år, men etter den tid hadde han alltid hatt han "med seg" som ein "åndeleg guide", som han seier, ein som liksom sat på skuldera hans og sa sitt inn i øyra hans. Medan han sat der og tenkte på bestefaren, kom det ein annan tanke til han. Den var slik: "Kvifor trur eg at **bestefar** er med meg utan å tru at det er et liv etter døden, og eg trur jo heller ikkje på han som har fortalt oss om at det er eit liv etter døden, nemleg **Jesus Kristus?**"

Då han såg inkonsekvensen i dette, gjekk han ut av badekaret, tørka og kledde seg og gjekk ut på byen for å kjøpa seg ein bibel. Vel tilbake begynte han å lesa Romarbrevet i Det nye testamentet. Han hadde høyrte om apostelen Paulus, og var interessert i å finna ut kva han sto for.

David Suchet fortel: "Ved å lesa gjennom Romarbrevet, som fortel at me får frelse ved å tru på Jesus Kristus, fekk eg ei oppleving som likna den som Paulus sjølv hadde då han utanfor Damaskus møtte Jesus i eit syn. Paulus sine ord begynte å kima i meg, og då eg kom til enden av brevet, hadde eg funne det eg alltid hadde leita etter."

David Suchet er ein emosjonell mann, men han seier at han likevel

må vita sikkert før han går fullt inn for ting. Difor vart han døypt først i 2009. Å erklæra full overgjeving var inga lettvint sak for David Suchet. Han måtte vita kva han overgav seg til. I dag tilhøyrer han den anglikanske kyrkja.

Gjennom åra har David Suchet laga interessante og livsnære TV-program om dei to mest sentrale av Jesu apostlar, Paulus og Peter, markante personar som med si åndelege kraft kom til å endra retninga på verdshistoria på avgjerande vis.

Paulus møtte Jesus i eit mektig syn utanfor Damaskus i år 33. Han var kristenforfølgaren som vart forvandla til kristen misjonær. Denne historia er fortalt i Apostelgjerningane kapittel 9.

I 1986 fekk David Suchet si «Damaskusoppleving» ved å lesa det mest kjende av Paulus sine brev. Ord frå Gud kom med eit sterkt lys inn i livet hans og skapte varig endring.

Bibelen har kraft i seg til å kopla Gud og menneske saman. Den kristne budskapen har Gud i seg, og alle som les med eit ærleg sinn, vil finna Gud i og gjennom budskapen.

Kjelde: <http://www.express.co.uk>

Er trua på Gud logisk haldbar?

av pastor Jens Thoresen



Dei siste tohundre åra har diskusjonen gått høgt om dette spørsmålet, og det er mange i dag som meiner å vita at Gud er overflødiggjort, og at me kan forstå både universet og livet utan å måtta tru på ein Gud. Religionen blir skubba lenger og lenger inn i den private sfæren, og blir stadig mindre synleg i samfunnet. I alle fall i dei vestlege landa, og særleg i Skandinavia. Men....

Bibelen lærer oss av verda og universet er skapt av Gud.

Som sagt: Dei fleste, men slett ikkje alle, naturvitarar vil bestrida dette, og mange vanlege folk er ytterst skeptiske til Gud.

Men kan det tenkjast at Gud eksisterer sjølv om mange fornektar og enno fleire tvilar?

For meg er det utenkjeleg at alt er blitt til av seg sjølv. Det skal mykje til for at eit menneske står fram og

proklamerer med overtyding og begeistring at «alt er blitt til av seg sjølv». Ingen gjer det. Folk kan tenkja det, lura på det osv. Men det er ingen som for alvor trur på det. Det einaste naturlege og rimelege er å tru at det finst ein evig Gud som har skapt alt.

Det er denne Gud me møter i Bibelen. Det er i han me rører oss

og er til¹, seier apostelen Paulus i ein tale til dei mest fornemme og framstående i Aten.

Det er denne Gud me har trudd på i Noreg i tusen år. Denne trua har forma landet, kulturen og tenkesettet meir enn noko anna. Det er alle samde i.

Kristendomen er den einaste religionen i verda som definerer at alle menneske har den same høge verdi ubunden av nasjonalitet, hudfarge, kjønn eller alder. Alle er skapte av Gud i hans bilete, og alle er elska av han nett på same måten. Menneskeverd er den verdien eit menneske har for Gud, og den er uendeleg. Ingen er noko framfor andre, me er likeverdige, og det er denne tanken som ligg til grunn for det demokratiet me nyt godt av i Noreg, Europa og Nord-Amerika i dag.

Og enno betre: Bibelen lærer oss at den Gud som elsker oss også har ein stor og god plan for liva våre. Me skal få leva saman med han i eit nært fellesskap, han vil fylla oss og forvandla oss med sin kjærleik, og han vil leida oss og bruka oss til glede for våre medmenneske. Han fører oss inn i eit meningsfullt liv, om me vil lytta til han.

Gud er evig. Han er ikkje bunden av tid og rom. Då han skapte «himmel og jord», skapte han også tida.

Me er bundne til rommet og tida, og kan aldri **forstå** Gud slik som

han er i sin evige herlegdom. Men me kan, om me vil, **nyta** han.

Poenget med kristendomen er å syna alle menneske korleis dei kan nyta Gud. Det er også poenget med dette vesle heftet.

Det største Gud skapte er LIVET, planter og dyr i alle mogelege storleikar og fasongar. Skaparverket vitnar om ein mektig, intelligent og kunstferdig Gud. På universiteta sit forskarar og studerer skaparverket for å finna ut korleis det fungerer. Dei fleste naturvitarar trur ikkje på Gud, like fullt er det HAN dei studerer. Utan Gud hadde dei ikkje eksistert sjølve, og dei hadde heller ikkje hatt noko å studera på. Det er hans løysingar på finurlege biokjemiske prosessar dei dagleg trengjer inn i for å skjønna meir. Kva er det som driv dei? Dei er, som alle menneske, skapte i Guds bilete². Det er ikkje greitt for oss berre å eta, sova og formeira oss. Me må forstå korleis ting fungerer, finna meining og samanheng i det heile. Det ligg i vår natur. Gud sa om menneska: «Dei skal råda over fuglane under himmelen, dyra på marka og fiskane i havet...» For å kunna råda, må me forstå. Difor studerer og forskar me. Det er ei guddommeleg kraft i oss. Det var denne krafta og kapasiteten som fekk Dmitrij Mendelejev til å organisera grunnstoffa i Periodesystemet, Albert Einstein til å formulera Relativitetsteorien og Watson og Crick til å beskriva den

¹ Apostelgjerningane 17,21

² 1.Mosebok1,26

genetiske koden, DNA-molekylet. Kvar einaste av dei 100 000 000 000 000 cellene me har i kroppen vår inneheld meir informasjon enn eit rimeleg stort bibliotek. Slikt blir ikkje til ved ein eksplosjon i urtida. Slikt blir SKAPT.

Du er skapt **av** Gud og **til** Gud. Poenget med livet ditt er at du skal få erfara og nytta Guds kjærleik,

henta inspirasjon frå fellesskapet med han, formidla denne kjærleiken til dine medmenneske og bruka tankekrafta di til å «skapa» nye ting som er til nytte og glede for andre.

Om du kan finna Gud? Ja, det kan du. Han let seg finna av alle som søker han av eit heilt hjarta, seier han til oss gjennom profeten Jeremia³

Kvifor lever alle agnostikarar som ateistar, sjølv om dei på ingen måte har avskrive Gud?

av pastor Jens Thoresen



Medan ein ateist fornektar Gud, uttrykker agnostikaren tvil. Han er usikker, veit ikkje kva han skal tru. Men kvifor vel omtrent alle agnostikarar å leva som om Gud ikkje eksisterer når dei alle faktisk reknar med at han kanskje gjer det?

Ein skulle tru at det er omtrent like mange agnostikarar som vel å satsa på Gud som det er dei som tek sjansen på at han ikkje finst. Men omtrent alle agnostikarar lever som om dei skulle vera ateistar, reine gudsfornektarar. Ingen innrettar liva sine etter Bibelens ord, men lever som om dei ikkje står

ansvarlege for andre enn seg sjølve og samfunnet.

Dette er rart og uheldig. For hadde dei prøvd å leva som om Gud finst, ville dei faktisk funne Han, og oppdaga at han ikkje berre eksisterer, men at han er nær hos dei og elsker dei djupt og inderleg.

Korleis skal ein agnostikar testa Gud ut?

³ Jeremja 29,18

Ved dagleg å lesa i Bibelen, be til Gud, prata med folk som trur og ved å innretta livet etter Guds ti bod. Då vil han etter kort tid erfara Gud så sterkt at all tvil blir blesen bort for aldri å koma attende.

Prøv, og sjå om det ikkje fungerer. Jesus Kristus seier: «Den som vil

gjera hans (Guds) vilje, han skal få kjenna om læra mi er frå Gud, eller om eg talar ut frå meg sjølv.»⁴ Den einaste måten å finna ut om ein påstand er sann på, er ved å testa han. Det vil Gud, og han utfordrar alle agnostikarar til det.

Muslimsk kvinne møtte Jesus og vart lækt for livstrugande hjernekreft. Det vart starten på eit heilt nytt liv.



Midt i krigar og store trengsler, opplever tusenvis av muslimar i våre dagar at Jesus Kristus openberrar seg for dei. Det skjer gjennom syner, draumar og underfulle ting han gjer for dei. Denne forteljinga er heilt fersk.

Nelly, ein nordafrikansk flyktning i eit land sør i Europa hadde fått påvist ein

aggressiv kreftsvulst i hjernen. Sjukdomen utvikla seg fort, og det

⁴ Johannes 7,17

var inga medisinsk behandling for henne. Ho budde seg på å dø.

Nelly hadde nokre kristne vener i nabolaget som ho likte godt, og ho bad dei om å besøka familien hennar når ho var borte. Det ville dei gjerne, men dei oppmuntra også Nelly til å be Jesus om å hjelpa seg med denne sjukdomen som hadde råka henne.

Nelly var overtydd muslim, og muslimar ser på Jesus kun som ein profet og lærar, ikkje som Gud.

Den siste tida før ho vart sjuk, hadde ho likevel smugkikka på kristne TV-stasjonar, og hadde mellom anna sett Jesusfilmen. Denne er omsett til mange språk, også til hennar. I filmen fekk ho møta ein Jesus som talte som ingen andre, lækte sjuke og det største av alt: han vekte opp døde.

Oppmuntra av kristne naboar og Jesusfilmen, bestemte Nelly å be til Jesus og spørja om han kunne hjelpa henne.

Då skjedde noko uventa. Brått stod Jesus på balkongen hennar, utanfor døra, og han kom inn til henne, rett gjennom den lukka døra, og han sa: «Du spurde etter meg. Kva treng du meg til?»

Nelly vart så forfjamsa at ho fant ikkje på noko betre å seia enn at ho hadde så innmari vondt i hovudet, og at det sikkert kom av at ho ikkje hadde råd å kjøpa røyk på fire dagar.

Jesus gjekk då ut hovuddøra, og då Nelly kom ut på kjøkenet sitt,

stod det ein pakke sigarettar i skapet.

I tida som følgde kom Jesus fleire gongar på besøk til Nelly. Dei prata om mange ting, og ho vart betre og betre kjent med han, og ein dag tok han hovudet hennar i hendene sine og begynte å massera den eine sida som hadde vorte lamma som eit resultat av hjernesvulsten. Så sa han til henne: «No skal du vera lækt for sjukdomen din. Gå til legen og be han om å undersøka deg grundig.» Ho gjorde det, og legen kunne konstatere at det var ingenting lenger som feilte henne.

Nelly vart kristen som eit resultat av desse opplevingane. Etter eitt år var mannen og familien også blitt truande kristne menneske.

Dei bur framleis i den same blokka, men fordi dei har snudd ryggen til islam, og så synleg lovprisar og opphøgjer Jesus, har dei måtta tola mykje motgang og forfølgjing.

Denne forteljinga skal lære oss at me kan snakka med Jesus om alt. Ingenting er for stort, ei heller for smått.

Jesus hjelper oss. Ikkje berre for at me skal få hjelp, men for at me skal forstå at han elsker oss og ønskjer å ha fellesskap med oss. Det gjeld også deg, du som les dette no.

Kjelde: www.joelnews.org

Korleis ein dansk ikkje-truande journalist møtte Jesus!



«Du er velkommen!» sa Jesus «det er godt å sjå deg!» Frå den augneblinken begynte eg å elska Han.

Den danske jorunalisten og forfattaren Charlotte Rørth var i utgangspunktet ingen spirituell person. Faktisk vaks ho opp i ein ateistisk og intellektuell familie der Gud var eit framandord, og ho var ikkje på søking etter noko som helst. Men ein dag, heilt overraskande og totalt uventa møtte ho Jesus.

På ein måte var alt planlagt. Ho var i Andalusia i Sør-Spania for å skriva ein artikkel om olivenoljeproduksjonen der. Under opphaldet besøkte ho byen Baeza. Der kom det ei eldre ukjent kvinne til henne med ein merkeleg budskap: «Du er utvald,» sa ho, «utvald til å fortelja verda at ho skal gå under og at berre dei truande vil berga seg!»

Rørth tenkte at kvinna var sinnsforvirra, og tenkte ikkje så mykje på heile optrinnet.

Neste dag besøkte ho det berømte El Salvador-kapellet i Ubeda. Under ei guida omvisning, skjedde det underleg ting med henne. Ho stivna heilt og mista krafta i kroppen sin: «Eg kunne ikkje bevega meg, trudde først at eg hadde fått slag, var totalt paralyisert, men skjønna at det ikkje var det då det kom over meg ei slik overveldande kjensle av glede og fred.»

«Det lyser av deg,» sa guiden, «kor kjem lyset frå som er rundt deg? Du glødar jo!» Me visste begge at noko

uvanleg skjedde, men eg hadde ingen idè om at det hadde noko med Gud å gjera.

Attende i Danmark vart livet langsamt «normalt» att, inntil ho ein dag gjekk ein tur i skogen. Ut av ingenting kom det ei lysstråle som traff hovudet hennar, gjekk gjennom kroppen og kopla henne til ei anna verd. «Med ein gong visste eg at dette var Gud, og eg har aldri følt meg så høgt og vilkårslaust elska som i den augneblinken.»

Så kom draumane. I desse draumane såg ho seg sjølv i sakristiet i kapellet i Ubeda medan ei røyst kalla på henne bak ei lukka dør. Ho kjende seg dregen, og reiste attende til Spania.

Ho sette seg i kapellet og lukka augo. Då såg ho Han. Det var nærast ei bortrykking, ei transcendent oppleving. Heilt detaljert såg ho Jesus på ein gruslagd veg ved Galileaasjøen, ein plass ho aldri hadde vore, men ho visste umiddelbart kor dette var.

«Du er velkomen!» sa han. «Godt å sjå deg!»

«Det var som om me va gamle kjende, og at me no møtte kvarandre etter å ha vore frå kvarandre i lang tid,» fortel Rørth. «Føtene hans var støvete, og då eg såg inn i augo hans, vart eg med ein gong fylt av ein kjærleik som berre kan samaliknast med det eg kjende då eg for første gong såg inn i augo på dei

nyfødde sønene mine. Eg visste han kjende meg, og at han visste alt om meg. Så begynte han å prata til meg på eit språk eg ikkje kunne forstå. Eg sa: «Eg skjønar ikkje kva du seier!»

«Det gjer ikkje noko,» skjøna eg han ville sei meg.


På ein måte var eg fornøgd med svaret hans. Så forlet han meg, men hans kjærleik har vore hos meg sidan den tid.»

I boka si «Eg møtte Jesus» deler Charlotte Rørth desse erfaringane sine med oss, fullt medviten om kva betydning det vil ha på livet hennar, for korleis fortel du verda at du bokstaveleg tala har møtt og snakka med Guds Son, når familie, vener og kollegaer kjenner deg som ein rasjonell og kritisk person? Desse tankane fekk henne til å søkja inn i all den kunnskap ho kunne finna om liknande fenomen som det ho sjølv hadde opplevd.

Charlotte Rørth si forteljing har rørt ved danskane. Boka hennar har vore på bestseljarlista frå ho kom ut i 2015, og Rørth er no ein etterspurd offentleg talar. Ho kan ikkje teia om sitt møte med Jesus og hennar kunnskap om hans eksistens.

Kjelder: www.joelnews.org, Charlotte Rørth: «Jeg møtte Jesus» Paradigmeskifte forlag, 4. opplag 2016.

«Du kan ikkje bli kristen. Du er jo muslim!»



Slik var reaksjonen då tyrkiske Alper fortalde faren sin at han ville konvertera til kristen tru, noko som er heilt uvanleg i Tyrkia.

I dag er Alper (34) pastor i Antalya Evangelical Church (som Kristkyrkja støttar økonomisk), eit ørlite kristent samfunn på 180 menneske i ein millionby der nesten hundre prosent av befolkninga er muslimar. I Tyrkia er det i dag om lag 6000 protestantiske kristne menneske, og situasjonen i landet gjer livet uuthaldeleg spennande for dei. Dei veit ingenting om morgondagen. Her

blir ingen kristne på lettvinnt måte. Alle truande opplever motstand og diskriminering. Her er Alpers historie. Han fortel:

I landsbyen der eg vaks opp var det sommarskule i moskeen med undervisning i Koranen. Som gut elska eg Gud, og bad fem gongar om dagen.

I 1996 flytta eg til Antalya for å gå på vidaregåande skule. Det førte meg litt bort frå det religiøse livet, og eg vart mindre oppteken av islam som «den einaste vegen». Eg syntest at både kristne og muslimske land stod for mykje krig og fiendskap, og eg bestemte meg for å snu all religion ryggen. Likevel heldt eg fram med å tru på Gud.

Gateselgjaren

Sjølv om eg var fornøgd reint filosofisk, sakna hjarta mitt noko. Etter to år på denne måten sa eg til meg sjølv: Dersom det finst ein Gud, så MÅ det vera mogeleg å finna han!

Eg las mykje filosofi, og eg søkte meininga med livet og verda.

Ein dag kom eg over ei gatebod med fullt av religiøs og filosofisk litteratur. Eg medan eg stod og kikka på bøkene, rådde gateseljaren meg om å lesa Det nye testamente. Han gav meg eitt i neven, og det var første gong eg hadde denne boka i hendene mine.

I tre månader stod boka i ei bokhylle før eg begynte å blad i henne. Johannesevangeliet fascinerte meg, særleg orda om at GUD ER KJÆRLEIK. Det var heilt nytt for meg. Som muslim var oppdregen til berre å frykta Gud.

For muslimar er Jesus ein av profetane, korkje meir eller mindre. Men i Det nye testamente las eg for første gong at han er GUD, Gud som menneske. Akkurat dette er det vanskeleg for muslimar å akseptera. Det er rett og slett blasfemisk å sidestilla eit menneske med Gud.

Kyrkjelyden

Eg begynte å gå på gudstenester her i Den evangeliske kyrkja i Antalya, og sat heilt bak og lytta. Eg kjente av tomrommet som eg hadde i hjarta mitt vart fylt, litt etter litt, av Guds kjærleik. Eg kjempa med meg sjølv, men etter ni månader innsåg eg at eg var blitt ein etterfølgjar av Jesus Kristus, og valde å sanna at han hadde vorte min frelsar og Gud. Det var i september år 2000.

Folk trur du er **hjernevaska** om du blir kristen i Tyrkia, og mitt nye standpunkt var eit sjokk for slekt og vener. Pastoren min, Ramazan Arkan, bad for meg og støtta med mykje i den tida. Far var den første eg

fortalde det til. Han var rasande. «**Du kan ikkje bli kristen, du er muslim!**» Han truga meg og nekta meg å fortelja det til nokon andre i familien. Sjølv gamle vener lo og gjorde narr av meg. «Ha ha, kor mange gudar trur du på då?» Dei sikta til den kristne treeiningslæra.

Endring

Etter ei stund vart venene mine vant til at eg var kristen. Også familien min har eg i dag fått eit godt forhold til. **Dei såg at det var alvor, for eg endra måten å leva på.** Eg var van med å drikka mykje, og livsførselen min var ganske destruktiv. Dette vart det slutt på. Og det var stort då heile familien min kom til kyrkja då eg gifta meg her for fem år sidan, og far har også vore med på gudstenester om søndagen i blant.

Det høyrer for resten med til historia at gateseljaren som gav meg nytestamentet den gongen ikkje var andre enn **pastor Ramazan**. No har eg vore ein del av kyrkjelyden i meir enn 15 år, og Ramazan har betydd mykje for meg, heilt frå mine første vaklande steg som kristen. Og eg har fått ein ny familie, nye søsken, mødre og fedre. Det er berre eitt ord som dekkar mitt forhold til kyrkjelyden: **HEIME!**

Du er hjarteleg velkomen i Kristkyrkja på Stord. Me også er som ein stor familie som elsker kvarandre og tek vare på kvarandre. Har du ei tru, vil me hjelpa deg til å veksa som kristen. Ønskjer du berre å få meir kunnskap om kristendomen og Jesus, vil me gje deg den informasjonen som du treng.

Me feirar gudsteneste i Bjellandsvegen 51 omtrent kvar søndag kl. 11.

Du kan ta kontakt med oss på mail: pastor@kristkyrkja.no eller på telefon: 47415864